

forum for
natur og friluftsliv
Hordaland

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
v/sakshandsamar Frank Jørgensen
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 2.6.2014

HØYRINGSUTTALE VEDR. MELDINGSFASE FOR FJELLHAUGEN KRAFTVERK I KVINNHERAD OG ETNE KOMMUNE, HORDALAND FYLKE

Vi syner til kunngjering datert 2.5.2014 vedr. melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommune, Hordaland fylke, med høringsfrist 2.6.2014.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonenes arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i Hordaland fylke. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fisker forbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelingen og Syklistenes Landsforening Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerer totalt over 36.000 medlemskap.

Om saka


Etablering av Fjellhaugen kraftverk aukar netto årsproduksjon med om lag 70 GWh, kvar 54 GWh produksjon kjem frå inntak Midtbotnvatn, 4,4 GWh frå inntak Sandvatn, 4,8 GWh frå inntak Krokavatn, 5,0 GWh frå inntak Kvanngårdsborga og 1,8 GWh frå inntak Verahaugen. Reduksjon i vassføring vil førekome på strekningane Krokavatn – Vetrhusvatn (800 m) og Kvanngårdsborga/Verahaugen – Brandvikvatn, mens vassføringa Brandvikvatn – Staffivatn vert relativt lite redusert. Vatn frå Midtbøvatn og overføringane frå Sandvatn og Krokavatn vert flytta til Blådalsvatn og ført direkte til Fjellhaugvatn, som gjer at gjennomstrøyminga i Blådalsvatn vert redusert. Ang. inntak i Sandvatn vert det redusert gjennomstrøyming i Nedre Vetrhusvatn og Blådalsvatn, mens inntak i Krokavatn fører til ein INON-reduksjon på 2,5 km² mot ein produksjonsvinst på 4,8 GWh.

Innspel

FNF Hordaland har nokre kommentarer til føreslått konsekvensutgreiingsprogram frå tiltakshavar, *12 Framlegg til utgreiingsprogram*:

12.1 Alternativ

I *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* er delområde 13 Matre-Åkrafjorden gitt følgende skildring på området: "Det er fire område som har inngrepssfri natur frå fjord til fjell. Dei to største er området frå Matersfjorden til Melkhaug, samt frå Åkrafjorden til Vetrhus/Folgefonna. Eit inngrepssfritt område i sør held har kjerne av villmark i Etnefjella sør for delområdet". I tillegg står det at "Etnefjella/Dyrskarheii, og Matrefjella med Fjellhaugenområdet er svært viktige fjellområde for friluftsliv" og området er definert som "sårbart høgfjellsområde med stor verdi". FNF meiner at desse områda som har inngrepssfri natur frå fjord til fjell er svært viktige å ta vare på, og vi ynskjer difor at det frå tiltakshavars side vert utarbeida alternativ som ikkje omfattar inntak frå Krokavatn.



Tiltakshavar må synleggjere 0-alternativet.

I rapporten "Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022: Nasjonal gjennomgang og forslag til prioriteringer" er Blådalsvassdraget gjeve prioritet 1.1 (høy prioritet) for revisjon. Førebels er det ikkje fremja krav om revisjon for vassdragsreguleringane. I retningslinjer frå Olje- og energidepartementet gjeldande revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar er det eit mål å sjå O/U-prosjekt i samband med eventuelle revisjonsskrav. Vi ber NVE i samråd med SKL om å vurdera korleis ei slik samordning best kan skje i høve eventuelle revisjonsskrav.

12.7 Naturmiljøet og mangfaldet i naturen

12.7.3 Karplanter, moser, lav og sopp

Det må vere eit fokus på elvestrekningar kvar det vil bli redusert vassføring ift. raudlisteartar som vil bli negativt påverka av ein slik reduksjon i vasstand (td. fuktighetskrevande lav- og moseartar).

12.10 Forureining

Det må vere eit fokus på kva negative konsekvensar ev. massedeponi vil ha for brukarinteresser/naturverdiar, både frå sjølve arealbeslaget og ev. avrenning. Det må òg vurderast best mogleg lokalitetar for ev. deponi.

12.13 Samfunn

12.13.6 Friluftsliv, jakt og fiske


Tiltakshavar må synleggjere kva metodikk som er lagt til grunn i kartlegginga av akvatisk miljø i området, så langt det er relevant i følge DNs håndbok 15 (*Kartlegging av ferskvannslokaliteter*).

Tiltakshavar må synleggjere kva metodikk som er lagt til grunn i kartlegginga av friluftslivsverdiar og landskap i området, så langt det er relevant i følge DNs håndbok 18 (*Friluftsliv i konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven*) og DN-håndbok 25 (*Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*). Det er også naturlig at det vert stilt krav om at utgreiinga skal basere seg på informasjonsinnhenting og samtalar med offentlege myndigheter, friluftslivorganisasjonar (td. Bergen og Hordaland Turlag, og Kvinnherad Turlag kan her kontaktast), grunneigarar og lokalt berørte. Både lokale og regionale friluftslivsverdiar og landskapsverdiar må registrerast og verdisetjast. For landskapsanalysa er det eit føremon at ein legg til grunn tilsvarende metodikk som er utvikla i samarbeidet mellom Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning (Miljødirektoratet) i rapporten "*Landskapsanalyse: Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi*" (2010).

Prosjektet ligg i eit området som er mykje nytta som ein innfallsport til Folgefonna, og området er mykje nytta i friluftslivsamanhang. Konsekvensar for friluftslivet må vurderast for både anleggs- og driftsfase. Området må vurderast ut i frå kva friluftslivaktivitetar som kan utøvast i influensområdet, og ei skildring av kven som er brukarar av området i dag. Det må leggjast fram ei vurdering av kva endra bruk av området vil ha å seia for landskap, friluftsliv og natur.

Med vennlig hilsen

Lars Einar Torgilstveit
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland



forum for
natur og friluftsliv
Hordaland

Oddvar Skre
Leder
Naturmangfoldgruppen
Naturvernforbundet
Hordaland

Alv Arne Lyse
Fylkessekretær
NJFF
Hordaland

Nicolas Rodriguez
Naturvernansvarlig
Bergen og Hordaland
Turlag



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Etne kommune
Kvinnherad kommune